

Trebitt
oljebeis 10 l.
kr. 649,-
A/S Volda Jarn & Farge

Sans
friser
Tlf. 70 07 68 49
Måndag / onsdag / fredag 9-16.30
Tysdag og torsdag 9-18 - Laurdag 9-15

Tid for ny skulesekk?
Kjøp Bjørn skulesekk/
-veske og få PC-omslag
gratis (Verdi 200,-)
Volda
Glasmagasinet as
Hamnegata 21A - 6100 Volda - Tlf. 70 07 68 17

Spør oss om
MOTEKONTO
optikk
OPTIKK VOLDA
(Ind. Drivelsopp ut og briller)
Tlf. 70 07 70 19 - Høyvege, 13 - 6100 Volda

Det gode liv i Høydalen

Laurdags praten

Namn: Guro Håvik
Alder: 35
Sivilstand: Sambuar med Atle Berg
Bustad: Høydalen
Yrke: Barnehageassistent og musikal



* Høydalen: Sussi (13) og matmor Guro Håvik nyt livet og stillheita heime.

Det er om natta når andre søv at Guro Håvik arbeidar best. I stillheita på loftet er det berre ho og musikken som har lov til å vere. I juni var eit fire år langt svangerskap over, og Håvik si første plate kom på marknaden. "Godt å vere to" er ein suksess.

- Det har gått over all forventning, fortel Guro Håvik. Ho har blitt møtt med terningkast seks og fem frå fleire magasiner og aviser. - Det er både skummelt og kjekt på same tid.

"Godt å vere to"

Heime i Høydalen har ho sett fram kaffi og sjokoladecake. Hund Sussi må ta til takke med eit tyggebein, men klagar ikkje. Ein katt dormar i sofaen. To andre kattar er ute og held kontrollen over nabolaget. Pjosken, Mummi og Elvis. Nede på badet bur to hamsterar. Rasmus og Lisje-Musa. - Eg har alltid vore glad i dyr, og er avhengig av å ha dei rundt meg. Naturen og dyra betyr mykje, fortel ho. - Det er godt for sinn og sjel.

I Høydalen har ho funne roa saman med sambuaren.

"Mens ej kan"

Guro Håvik har jobba i barnehage i ti år. Dei siste åra har det vorte mindre jobbing der og meir tid på musikken.

- Eg jobbar når eg kan. Det er eit arbeid som gir meg mykje, og så er det veldig kjekt.

Men det er musikk som alltid har vore den store interessa i livet hennar. Heilt frå ho var lita har ho sunge og opptredt.

- Eg vaks opp på Rotset, og vi ungane var veldig kreative. Vi fann alltid på noko rart, anten det var snakk om song, miming, dansing eller utkledding. Eg har alltid sunge. Eg kan ikkje tenke meg kva eg skulle gjort utan. Det har berre vorte slik, og det er slik det skal vere.

"Heim"

"Ej vil heim - heim til Volda" syng ho på cd-en sin. - Det er alltid godt å kome heim. Eg besøker gjerne større byar, som Oslo, eller eg reiser til USA. Det er kjekt å sjå og oppleve, men det er godt å

kome heim.

Håvik har vore på turne med Bjørn Eidsvåg og vore på farten i to månader i strekk. Ho har vore i New Orleans og opptredt, og ho har sett og besøkt mange andre stadar. Men det er i Volda ho vil bu.

- Her får eg tid til å vere kreativ. Det er ikkje mykje som skjer i Høydalen. Det er ikkje noko stress. Her er det stille.

"Kom sommar"

Guro Håvik vil ikkje sette plata si i bås.

- Eg kallar det folkeleg musikk. Det er ei blanding av country, gospel, pop og danseband. Den er veldig variert. Det handlar om ting eg har opplevd, ting eg føler på, og så er det vill fantasi og diktning i tillegg. Noko er svært personleg, andre ting er det ikkje, fortel ho.

I sommar har låta "Kom sommar" gjort det bra på C-lista på P1. Det er stas.

- Det har vore ein lang prosess å gi ut plata. Å høyre eine låta på radio er løn for arbeidet som er lagt ned.

"Dansefoten"

Også på fjernsyn har ho byrja å verte eit kjent ansikt. På Danseband-jukebox på NRK har ho tre videoar som stadig vert vist.

- Eg merkar at det er fleire som kjenner meg att. Det er kjekt, men samstundes er eg glad i å få vere anonym. Det er kjekt å få opptre og det er kjekt at folk kjøper plata mi, men det er kjekt å berre vere meg sjølv, utan alt fokuset også, seier Håvik.

"Om ett hundrede år"

På loftet i Høydalen ligg det mange uskrivne tekstar og låtar, men der er også ein bunke som er under arbeid.

- Viss alt går etter planen kjem det ein ny cd om eit års tid. Eg kjenner eg er litt nervøs. Det gjekk så bra å gi ut denne plata, så eg er audmjuk med tanke på korleis den neste vil verte tatt i mot. Eg fekk terningkast seks no. Det kan ikkje verte betre enn det.

- Det tek tid å bygge opp eit firma. Det er ikkje gjort på ein to tre. Det har begynt å rulle litt no, og vi har fått nokre oppdrag i tida framover, men vi må bruke tid og vere tålmodige.

"He du gløymt"

Guro Håvik presiserer at ho ikkje er aleine om alt arbeidet.

- Eg har med meg dyktige musikarar. Men eigentleg er vi ein slags duo. Det er eg og Rune Aarset som står saman om dette, sjølv om det er eg som frontar det og er avbilda på cd-en.

"Ei klype salt"

Tekstane til Håvik er skrivne på ekte volding.

- Vi har så fin dialekt. Det er kjekt å syngje når eg kan bruke den. Eg har fått kompliment frå fleire, og då snakkar eg om folk som ikkje er frå Ørsta eller Volda, men som kjem utanfrå og meiner dialekten er fin.

At nokre kanskje har problem med å forstå alle orda tek ho med ei klype salt.

- Det er berre kult det, men eg brukar ikkje særleg vanskelege dialektord. Eg synst det er sjarmende med ulike dialektar, og er stolt over å kunne bruke mi eiga.

"Ver så snill"

I dag signerer ho plata si i Volda. Spør du fint signerer ho nok ei til deg også. Nokre av songane har du alt fått namna på.

JANNE-MARIT M. FALCH



* Glad: Guro Håvik har mykje å glede seg over for tida.

KORALL KORALL
EN BABYOPERA
Ørsta kulturhus
Tysd 8. sept kl 10:00
Bill kr 70,- Gruppe 50,-
Tlf. 70045500
www.orsta.kulturhus.no

Ivar Aasen-tunet

LYDSHOW MED SOLVEIG HAREIDE



Søndag 30. august kl. 14.00

Utescena, Aasen-tunet
Kr 50 / 150 familie

Solveig Hareide, programleiar i Newton på NRK1, utforskar lydar. Mykje lyd og mykje vatn. Lydverkstad for born

FRØY AAGRE



Søndag 30. august kl. 19.00

Salen, Aasen-tunet
Kr 150 / 100 studentar

Melodiøs jazzkonsert med Frøy Aagre, Audun Ellingsen, Andreas Ulvo og Freddy Wike

ABC Stårtsida SpareBank Volda-Ørsta Sumnerposten TUSSA

MRE.NO